



Forfall til fylkestinget

Underteikna representant i Hordaland fylkesting melder med dette forfall til møte i fylkestinget.

Møtedato: _____

Forfallsgrunn (sjå baksida)

stad/dato

parti

namn/sign

Fylkesordføraren si avgjerd

Eg finn/finn ikkje å kunna godkjenna ovannemnde melding om forfall.

Bergen, den / .

fylkesordførar

Rundskriv av 15. august 2008 frå fylkesordføraren til medlemene i fylkestinget (Endra 02.03.2009)

Forfall til fylkestingsmøta

Det har synt seg at det vert mange forfall til fylkestingsmøta, og det er også mange søknader om permisjonar for delar av møta. Dette lagar ein del ekstra arbeid, særleg om varamedlem skal kallast inn under sjølve møta. Dette fører dessutan til ekstra utgifter for fylkeskommunen (skyss, opphald, diett- og møtegodtgjersle og eventuelt godtgjersle for tapt arbeidsforteneste). Dersom varamedlem møter for delar av ein dag, vil denne medlemen ha krav på desse godtgjerslene samstundes som den faste medlemen får det same.

Fylkesordføraren vil gi uttrykk for følgjande:

A. Forfall frå heile fylkestingsmøtet (møta)

Fylkestingsvervet bør vera prioritert framfor dei fleste andre tillitsverv. Dessutan vert fylkestingsmøta no gjort kjende i så god tid på førehand at det bør vera mogleg å unngå dei fleste møtekollisjonane. Har fylkestingsrepresentanten meldt forfall til møte, vert vararepresentanten kalla inn for heile møte, eventuelt dagar.

B. Korte fråver/permisjonar

Slike vil verta gjevne berre i heilt naudsynte høve og då etter tilråding frå gruppeleiaren. Dersom varamedlem skal kallast inn for slike korte fråver, må dette ikkje skje på eiga hand, berre etter samråd med eller av fylkesordføraren/administrasjonen.

Om møteplikt og forfall

”Den som er valgt som medlem av kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall.” Jf. *Lov om kommuner og fylkeskommuner* § 40 nr. 1, 1. avsnitt.

Møteplikt og forfall er m.a. omtalt i *Kommuneloven med kommentarer* (Overå og Bernt, 2006), side 296. Nedanfor er momenta knytt til møteplikt og forfall oppsummert.

”Møteplikten gjelder ikke ubetinget. Den som har ”gyldig forfall”, er fritatt for å møte. (...) Som gyldig forfall (...) regnes omstendigheter som fører til at vedkommende ikke uten fare for helbred eller velferd eller uten å forsømme viktige og uoppsettelige forretninger eller plikter kunne ha møtt.”

Når det er møte i kommunalt og fylkeskommunalt organ same dag, der same person er representant i begge organa (dette kan vere fylkesting, kommunestyre, nemnder, styre, utval, råd m.v.), har Kommunal- og regionaldepartementet kome til følgjande, jf. rundskriv H-03/02:

Kommunelova skil ikkje mellom fylkeskommunale eller kommunale verv. Møteplikt i eit organ vil vere gyldig forfall i eit anna organ der same person har møteplikt på same tid. Det er representanten sjølv som må avgjere kva for organ han/ho skal møte i.